



Årsmelding 2006

Innhold

Om NOKUT	side	2
Ord fra styreleiar	side	3
Ord fra direktør	side	5
Styret	side	10
Organisasjonen og tilsette i NOKUT	side	11
Klagenemnd	side	11
Rekneskap	side	12
Nøkkeltal	side	13
Tilsette	side	14

Visjon

NOKUT skal vere eit anerkjent kvalitetssikringsorgan på høgt, internasjonalt nivå. Organet skal bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten på norsk høgre utdanning, fagskoleutdanning og godkjent utanlandsk utdanning.

Om NOKUT

Dette er oppgåvene til NOKUT:

- ◆ evaluering av system for kvalitetssikring ved universitet og høgskolar
- ◆ akkreditering av universitet og høgskolar
- ◆ akkreditering av studier
- ◆ revidering av akkreditering som allereie er gitt
- ◆ godkjenning av fagskoleutdanning
- ◆ evaluering for å vurdere kvaliteten på høgre utdanning
- ◆ godkjenning av utdanning teke i utlandet
- ◆ informasjon om norsk utdanning til utlandet
- ◆ informasjon om NOKUT sine oppgåver og vedtak

NOKUT skal i arbeidet sitt vere uavhengig av institusjonane og av Kunnskapsdepartementet. Det betyr at NOKUT skal basere arbeidet sitt på lover, forskrifter og fastlagde retningslinjer, og gjere vedtaka sine med grunnlag i desse. Departementet kan ikkje gi pålegg til NOKUT utover det som er heimla i lov eller fastsett i forskrift. Departementet kan heller ikkje gjere om vedtak som NOKUT har gjort om godkjenning eller akkreditering.



Frå styreleiar:

Institusjonane har ansvaret for utdanningskvaliteten

I diskusjonen som frå tid til anna går om NOKUT si rolle, får ein av og til inntrykk av at enkelte debattantar, inkludert dei som representerer høgre utdanningsinstitusjonar, er av den oppfatninga at det er NOKUT som står ansvarleg for kvaliteten på høgre utdanning og innan fagskoleutdanninga. Dette er feil. Det er så klart institusjonane sjølve som har dette ansvaret. NOKUT si rolle er å bidra til ei god kvalitetsutvikling. Dette kan NOKUT berre gjere gjennom kontrolloppgåvene og kontrollmekanismane som NOKUT skal ta i bruk ifølgje forskriftene. Utdanninga for NOKUT blir då å gjennomføre akkrediteringar og evalueringar på ein så god måte at både prosessane og resultatane bidreg til ei god kvalitetsutvikling av utdanningane ved den enkelte institusjonen.

Styret i NOKUT har ei omfattande drøfting av kvar rapport om godkjenning av kvalitetssystem, av rapportar om akkrediteringar av studium og av rapportar om institusjonsakkreditering. Basert på rapportane som ligg føre, og som alle er offentlege, og på dei skriftlege tilbakemeldingane frå institusjonane, både om prosessen bak rapporten og om innhaldet i rapportane, har vi grunn til å tru at NOKUT si verksemd bidreg til ei kvalitetsutvikling i sektoren. Vi er dessutan heilt sikre på at desse prosessane bidreg til eit anna og betre fokus på kvalitet i ut-

danninga ved dei enkelte institusjonane. Holdningane hos både lærarane og sjølve institusjonane til å arbeide med kvaliteten i utdanninga ser ut til å endrast i positiv retning. Studentdeltakinga i kvalitetsarbeidet og i det daglege arbeidet med kvalitetsutvikling har kome inn i eit svært godt spor ved mange institusjonar. NOKUT legg særleg vekt på studentdeltaking og på at konstruktive innspel frå studentane blir følgt opp på ein fornuftig måte av institusjonane. Tilbakemeldingsprosedyrane for tiltak innan kvalitetsarbeidet er med andre ord svært viktige. Eit godt samspel mellom studentar og institusjonen er avhengig av at alle får innsikt i korleis det systematiske kvalitetsarbeidet blir drive, kva resultat ein oppnår og eventuelt kva slags endringar som blir sett i verk. Erfaringa vi har i NOKUT, er at ei god kvalitetsutvikling i utdanningane er avhengig av at engasjerte studentar kjem med konstruktive innspel i kvalitetsarbeidet. Vi har grunn til å tru at måten NOKUT har vektlagt studentdeltakinga på, har bidrege til at studentane kjenner auka tilknytning til prosessar som påverkar utdanningskvaliteten, og dette har dermed ført til ei betre utdanning. Men det er heilt og halde dei enkelte institusjonane aleine som har ansvaret for at gode prosedyrar blir etablert og følgt, og at studentane sin innsats faktisk får noko å seie for utdanningskvaliteten.



Enkelte som ønskjer å debattere NOKUT si verksemd, ser ut til å ha eit forvrengd bilete av kor ansvaret for kvaliteten ligg. Særleg gjeld dette i dei tilfella der svaret frå NOKUT er negativt. I delar av diskusjonen som ofte følgjer slike negative resultat, kan det verke som at enkelte ønskjer å skape eit inntrykk av at det er NOKUT si skyld at dei ikkje har fått godkjenning. Det er visst naturleg for mange å prøve å skyve skylda for eit negativt resultat over på kontrolløren. I kjølvatnet av negative resultat får ein inntrykk av at enkelte meiner at det heile ville gått over av seg sjølv berre ein kunne kvitte seg med kontrolløren. Debattar som “treng vi NOKUT?” blir ein del av dagsordenen. Dette er etter mi meining ei lite fruktbar form for debatt og ei lite hensiktsmessig problemstilling, dersom ein har kunnskap om kvifor ein institusjon som NOKUT faktisk finst. NOKUT må likevel lære seg å leve med denne typen retorikk omkring arbeidet som NOKUT er sett til å utføre. Delar av slike debattar er lærerike og egna til ei god vidareutvikling av NOKUT si verksemd. Andre delar av debattane er derimot tydeleg tufta på både reelle misforståingar og mangelfull innsikt i kva oppgåver og rammer NOKUT har. Dette lærer vi lite av, bortsett frå at NOKUT bør intensivere informasjonsarbeidet om verksemda. Men det er underleg at personar som venteleg har akademisk ballast, kastar seg inn i ein debatt om noko dei tydelegvis ikkje kjenner føresetnadene til, nemleg funksjonen og rolla til NOKUT.

På den andre sida er det ikkje usannsynleg at det frå tid til anna er sakleg grunnlag for å vere ueinig med konklusjonen som NOKUT kjem fram til. Då skal ein så klart føre fram sine syn. NOKUT er meir enn villig til å drøfte punkt der ein er sakleg ueinig, eller der konklusjonane frå NOKUT kan vere basert på sviktande grunnlag eller mogelege misforståingar. Men det høyrer med til arbeidsprosedyrane til NOKUT at foreløpige rapportar blir sendt til institusjonane for vurdering og tilbakemelding før fullføring. Av saksdokumenta ser styret kva for interessante innspel som ofte kjem gjennom ein slik prosess. Ofte fører tilbakemeldingane frå institusjonane til at det blir gjort tekstmessige endringar i rapporten, fordi det viser seg at teksten til dei eksterne komiteane ikkje stemmer overeins med verkelegheita. Dette er eit viktig ledd i kvalitetssikringa av rapportane. Når styret kjem med ei endeleg avgjerd, er all korrespondanse tilgjengeleg som saksdokument. Styret kjenner altså heile saken. Den store fordelene som styret har, er at dei kjenner alle andre liknande saker godt. Styret har etter kvart bygd opp eit relativt omfattande erfaringsmateriale og kan gjere gode samanlikningar mellom saker av same karakter. Den enkelte institusjonen manglar som oftast denne erfaringsbakgrunnen og eit tilsvarende samanlikningsgrunnlag, sjølv om alle rapportane er opent tilgjengelege hos NOKUT.

NOKUT er eit kontrollorgan. Organet skal gjennomføre kontrollane slik at dei bidreg til utviklinga av kvaliteten i høgere utdanning. NOKUT legg stor vekt på nytteverdien og vil gjerne formidle erfaringane frå arbeidet i NOKUT. Men vi vil alltid understreke

at det er institusjonane som har ansvaret for kvaliteten. Det må ikkje bli slik at kvalitetsarbeidet ved institusjonane gjer seg “avhengig” av NOKUT, eller at ein for eksempel legg mindre vekt på kvalitetsarbeidet i periodar der ein reknar det som lite sannsynleg at NOKUT vil gjennomføre ein kontroll ved institusjonen. Det er derfor viktig at arbeidet til NOKUT bidreg til ei holdningsendring når det gjeld kvalitetsarbeidet i kvar enkelt institusjon.

I det siste har vi fått ei drøfting om NOKUT si generelle kontrollrolle for utdanningskvaliteten. Skal NOKUT “rykkje ut” ved mistanke om svikt i utdanningskvaliteten, og på kva grunnlag skal i så fall NOKUT setje i verk tiltak eller undersøkingar? Dette er etter mi meining eit svært vanskeleg område for NOKUT, og det krev omfattande bevisstgjerjing og grundig vurdering. På den eine sida verkar det klokt at NOKUT i visse situasjonar kan vere eit “kvalitetspoliti”. På den andre sida bør ikkje NOKUT bli ein klageinstans for alle som er misnøgde med studiesituasjonen eller utdanningskvaliteten ved institusjonen der dei er studentar. Dette ville etter mi meining føre heilt gale av stad og i verste fall bidra til å fjerne institusjonane sitt ansvar for eige kvalitetsarbeid. Utfordringar innan utdanningskvaliteten skal så klart løysast ved kvar enkelt institusjon. Den fremste oppgåva til NOKUT er derfor å stille krav til at institusjonane har gode rutinar for nettopp å fange opp misnøye og utilfredsheit med utdanningskvaliteten og sørgje for rutinar som gjer det mogeleg å gjere noko med eventuelle kvalitetssvikt. Derfor er arbeidet med kontroll av kvalitetssystem ved institusjonane eit viktig bidrag frå NOKUT og ei viktig oppgåve for arbeidet med vidareutvikling av kvaliteten i utdanninga.

Roger K. Abrahamsen

Roger K. Abrahamsen
styreleiar

Året 2006 – det fjerde

NOKUT blei etablert i 2003 som ein del av kvalitetsreforma i høgre utdanning, og har no vore verksam i fulle fire år. Det er då berre å vente at samfunnet gjennom eksterne evalueringar ønskjer å finne ut kva NOKUT har fått til, og om det er grunnlag for å gjere endringar av systemet for ekstern kvalitetssikring av høgre utdanning som Stortinget gjorde vedtak om i 2001. Det er uvanleg at nye verksemder finn fram til den optimale praksis frå starten av. Det vil ofte vere prosessar over tid med vurderingar og justeringar for stendig å oppnå bedre resultat. Gir NOKUTs innsats resultat i form av auka kvalitet på utdanningane og større læringsutbytte og betre kvalifikasjonar for studentane? Ekstern evaluering vil også kunne gi NOKUT eit godt grunnlag for å vurdere metodebruk og praksis for gjennomføring av oppgåvene. NOKUT spreier sjølv budskapen om at ekstern evaluering er både lærerikt og utviklande for institusjonane. Det må også gjelde for NOKUT.

I 2006 har NOKUT vore involvert i to evalueringar; ei om kvalitetsreforma for høgre utdanning og ei som del av Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) sin vurdering av norsk høgre utdanning. Både evalueringane peikar på positive effektar av sterkare vektleggjing av ekstern kvalitetssikring gjennom krav om godkjente institusjonelle interne kvalitetssikrings-system, akkreditering av institusjonar og studium og andre evalueringar. Det blir også peika på kor viktig det er at NOKUT blir meir resultatorientert og mindre oppteken av innsats og prosessar i læringa. NOKUT vil ta omsyn til dei vurderingane og tilrådingane som kom fram i rapportane.

NOKUT står no også framføre ei ny ekstern evaluering i regi av Kunnskapsdepartementet i perioden juni 2007 til februar 2008. Kriteria vil vere krav som er sette for fullt medlemskap i den europeiske organisasjonen for kvalitetssikring av høgre utdanning (ENQA), og nasjonale kriterium knytt til følgjande område:

- ◆ føremål, strategi og rammer
- ◆ organisasjon og leiing
- ◆ kompetanse
- ◆ gjennomføring
- ◆ resultat

Gjennom evalueringa vil også NOKUT få røynsle frå å vere objektet for evalueringa og ikkje evaluatoren som til vanleg. Å byte rolle gir røynsle som vil vere verdfull i evaluatorrolla med gjennomføring av evaluering, akkreditering og godkjenning av utdanning.




Akkreditering er ei sentral oppgåve for NOKUT, som femner om akkreditering av institusjonar og studium etter søknad frå institusjonane og revidering av akkreditering etter initiativ frå NOKUT. Talet på søknader om akkreditering som institusjon held seg på eit moderat nivå. I 2006 var det fire søknader til behandling, ein som universitet, ein som vitskapleg høgskole og to som høgskole. Berre ein av desse blei ferdigbehandla og akkreditert som høgskole i fjoråret.

Talet på søknader om akkreditering av nye studium på alle nivå blei redusert med vel 20 % til 71 søknader samanlikna med 2005. Av desse hadde NOKUT berre kapasitet til å behandle 45 søknader. Reduksjonen i behandla søknader om akkreditering av studium har samanheng med intern overføring av saksbehandlingskapasitet frå høgare utdanning og til godkjenning av fagskoleutdanning i store delar av 2006.

Reduksjonen i talet på søknader om akkreditering av studium er størst for mastergradsutdanningar, som har blitt redusert med 34 % frå 2004 til 2006. Dette kan ha samanheng med at det etter etableringa av NOKUT har blitt enklare å få akkreditert nye mastergradstudium og at dei fleste søknadane som hadde samla seg opp har blitt akkreditert. Det vil då vere rimeleg å rekne med at søknadstalet går ned på eit lågare nivå som tilsvarar ein "normal" tilvekst. Det er i denne samanheng viktig å vere klar over at i tillegg til NOKUTs akkreditering kan universiteta, vitskaplege høgskolar, og høgskolar med rett til å gi doktorgradstudium, akkreditere mastergradstudium på grunnlag av deira fullmakter. NOKUT er ikkje kjent med omfanget av denne sjølvakkrediteringa.

Saksbehandlingstida for søknader om akkreditering av mastergradstudium var 36 veker i 2006 rekna frå søknaden blei registrert og til vedtak blei gjort. Dersom ein trekkjer frå den tida søknaden er på institusjonen for kommentarar, i gjennomsnitt 10 veker, er behandlingstida i NOKUT 26 veker eller eitt halvt år for ein søknad om å få etablere eit nytt mastergradstudium.

Revidering av akkrediterte studium har også i 2006 eitt høgt nivå. Revideringa av bachelor- og mastergradstudium i sjukepleie i 2005/2006 førte til at mange institusjonar fekk eitt eller to år for å rette opp manglar. Alle desse skal gjennom ei ny vurdering i 2007/2008. Talet på studium som må vurderast på ny, er nesten like stort som det opprinnelege talet på reviderte studium. Vidare er det i gang revidering av bachelorgradstudium i journalistikk og i ballett, mastergrads- og doktorgradstudium i rettsvitenskap, farmasi og odontologi. Revideringar av igangverande studium er interessante for å vurdere om kvaliteten på studia stettar NOKUTs krav. Men revidering er eit ressurskrevjande verkemiddel i kvalitetssikringsarbeidet og prosessane tek lang tid. NOKUT vil difor vurdere nærare om utøvinga av NOKUTs tilsynsfunksjon kan nytte mindre ressurskrevjande verkemiddel for å identifisere sviktande kvalitet og korrigere for det. Dette er ein krevjande, men samstundes framtidsette prosess.



Evaluering av institusjonenes system for kvalitetssikring av utdanninga blir planlagt for kvart halvår i høve til disponibel kapasitet til å gjennomføre evalueringane. Med ei stabil gruppe av sakkunnige, som kvart år tek del i ei eller fleire evalueringar saman med røynde prosjektleiarar frå NOKUT, går denne verksemda utan store problem. Ansvarsområdet har auka i 2006 sidan alle private institusjonar som gir høgre utdanning også skal ha godkjent kvalitetssikringssystem. Det er tilført større kapasitet til dette området. Det blei ikkje gjennomført evalueringar av ikkje-akkrediterte institusjonar i 2006 utan i samanheng med søknad om institusjonsakkreditering. Desse nye evalueringane startar opp i første halvår 2007.

NOKUT ligg godt an i høve til Kunnskapsdepartementets krav om at alle universitet og høgskolar skal ha fått evaluert sine kvalitetssikringssystem innan september 2010. I 2006 blei det gjennomført evaluering av kvalitetssikringssystem i ni institusjonar og ei evaluering i samband med søknad om institusjonsakkreditering. Fire av dei ti evalueringane i 2006 blei avslutta med vedtak i styret, alle med positivt resultat. Av dei fem evalueringane frå 2005, som ble behandla i styret i 2006, var eitt vedtak negativt, medan fire var positive. Frå 2003 til 2006 er det avslutta 34 evalueringar av kvalitetssikringssystem, 30 med godkjent resultat og fire med negativt resultat. Tre av desse har fått positivt resultat etter andre gangs vurdering, medan ein fekk søknaden behandla for andre gangen i 2007.

NOKUT avslutta ei evaluering av allmennlærerutdanninga med i alt 20 enkeltprogram. Evalueringa har involvert om lag 30 eksterne sakkunnige. Prosjektet starta med planleggjing i oktober 2004 og blei avslutta med ein konferanse i september 2006. NOKUT har bruka vel tre årsverk av egne tilsette i prosjektet. I direkte utlegg har evalueringa kosta i alt 5,5 mill kr delt over dei tre åra. NOKUT har direkte dekt 3,0 mill kr innanfor eigen budsjettamme, medan resten om lag 2,5 mill kr er dekt direkte av Kunnskapsdepartementet som oppdragsgivar. Styret har vurdert av opplegg og gjennomføring av evalueringa basert på tilbakemeldingar frå institusjonane, dei sakkunnige og dei tilsette som har teke del i arbeidet. I hovudsak får evalueringa god tilbakemelding. Erfaringane fra denne evalueringa vil kome til nytte ved liknande evaluering av ingeniørutdanning og seinare førskolelærerutdanning. Sidan evalueringa er eit oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, er det også departementet som primært har ansvaret for å følgje opp ovanfor institusjonane. Dette er allereie starta opp og institusjonane har rapportert til depar-

tementet korleis dei vil følgje opp evalueringa. NOKUT vil vurdere om det i evalueringa har kome fram informasjon som kan indikere sviktande kvalitet på enkelte studieprogram. Denne vurderinga kan gi som resultat at NOKUT vil setje i gang revidering. Dette vil bli avgjort i første halvdel av 2007.

NOKUT har også starta planleggjing av evaluering av ingeniørutdanning som følgjer rammeplan for tre - årige studium. Dette er også eit oppdrag fra departementet ut frå heimel i lov om universitet og høgskolar. Evalueringa vil bli avslutta i juni 2008.

Departementet har vidare varsla om at NOKUT også vil bli beden om å gjennomføre ei tilsvarande evaluering av førskolelærerutdanninga med start hausten 2008 og mogleg avslutning i årsskiftet 2009/2010.

Departementet har rett til å be NOKUT om å gjere evaluering av utdanning for å vurdere kvaliteten. Men ut frå ei gitt budsjettamme vil det også ha innverknad på NOKUTs evne til på eige initiativ å gjere slike evalueringar med ymse føremål. Dersom NOKUTs budsjettamme ikkje blir endra frå 2008, vil ikkje NOKUT ha kapasitet til å utføre slike evalueringar ut fra eige initiativ før tidlegast i 2010, sju år etter at NOKUT blei oppretta.



Internasjonalt samarbeid om kvalitetssikring av høgre utdanning er høgt prioritert. NOKUT har avgrensa det internasjonale samarbeidet til nokre få arenaer av særleg interesse, men har i tillegg som mål å halde seg orientert om det som går føre seg internasjonalt også utanom Europa. Konsentrasjon av deltakinga gir eit godt grunnlag for sterkare engasjement og vil gi større utbytte som resultat. Verksemda femner i hovudtrekk om ulike nordiske og europeiske nettverk, organisasjonar, multilaterale - og bilaterale prosjekt. Gjennom foredrag, innlegg og diskusjonar på internasjonale konferansar, seminar og nettverksmøte, spreier NOKUT informasjon om norsk høgre utdanning og om det norske systemet for kvalitetsarbeid og kvalitetssikring av høgre utdanning. Den internasjonale verksemda er også avgjerande for at NOKUT kan løyse sine oppgåver nasjonalt med kvalitet og effektivitet på høgt internasjonalt nivå. NOKUTs mål for talet på internasjonale presentasjonar i 2006 var 15, medan oppteljinga syner at resultatet blei 20, som alle er dokumentert skriftleg. I tillegg har også tilsette i NOKUT vore med i vurderingsprosessar i fire europeiske land, som greier ut moglege endringar i sine kvalitetssikringssystem for høgre utdanning. Det er framleis stor interesse for kunnskap om det norske kvalitetssikringssystemet.

Innanfor godkjenning av utanlandsk utdanning har talet på søknader gått ned frå 2452 i 2005 til 2288 i 2006 (- 7%). Dette kan tyde på at talet på søknader er i ferd med å stabilisere seg etter mange år med auke. Saksbehandlingstidene av søknadene er også i sterk fall. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid er redusert fra 4,5 månader i 2003 til 2,6 månader i 2006. Den delen av søknadene som har behandlingstid under to månader har i same tidsrommet auka frå 28 til 50%. Dette er mellom anna eit resultat av ei kapasitetsauke på to stillingar frå 2004/2005 kombinert med eit svært målretta arbeid. NOKUT har med dette følgt opp lovnaden om at tildeling av to nye stillingar skulle gi som resultat at saksbehandlingstida blei redusert frå vel fire månader til ned mot to månader, som er på nivå med dei andre nordiske landa. I 2006 har det vidare vore sterk fokus på kvalitetssikring av vedtaka om godkjenning, med auka merksemd på verifisering av utdanningsdokumenta. Bruk av falske dokument er i rask utvikling både i Noreg og i andre land. I perioden frå 2003 til 2006 har NOKUT meldt 14 søkjarar til politiet for forfalsking av utdanningsdokument.

I 2006 kom det inn 332 nye søknader om godkjenning av fagskoleutdanning. Søknadsregistreringa er utvikla og forbetra i 2006, men slik at det ikkje er mogleg å samanlikne tala for 2005 og 2006 med kvarandre. Det blei i 2006 behandla til saman 608 søknader om godkjenning av utdanningstilbod, delt på 365 som vara eitt år eller mindre, og 233 som vara 1 ½ og to år. Av søknadene blei 460 godkjent og 83 ikkje godkjent. Det er eit godt teikn at talet på behandla søknader er vesentleg større enn tilgangen på nye søknader (608 mot 332). Dersom kapasiteten ikkje blir vesentleg redusert i 2007 og 2008 skulle det vere mogleg med ytterlegare reduksjon i saksbehandlingstida.

Ressursinnsatsen i godkjenning av fagskoleutdanning i 2006 var stor med heile fem faste årsverk med tillegg av to heile stillingar overført frå akkreditering av høgre utdanningstilbod store delar av året. Trass i denne store ressursinnsatsen var kapasiteten ikkje tilnærma tilstrekkeleg for å kunne behandle innkomne søknader innanfor ei rimeleg saksbehandlingstid. Det blei også utvikla ei elektronisk søkjarhandbok og gjennomført fleire andre effektiviseringsiltak, som vil kunne gi positivt utslag i 2007.



Det er ei prioritert oppgåve for NOKUT å gjere utgreiingar og analysar av resultatata frå eiga verksemd og formidle desse til aktuelle målgrupper og til samfunnet generelt. Til no har det ikkje vore mogleg å prioritere denne aktiviteten i tilstrekkeleg grad. Presset på den operative verksemda har ikkje gitt rom for det. No har den auka løyvinga til NOKUT i budsjettet for 2006, gjort det mogleg å etablere ei utgreiings- og analyseining med dette som primære oppgåver. Det er tilsett to godt kvalifiserte personar med stor røynsle frå slik verksemd, som saman med NOKUTs røynde rådgivar i data og statistikk og i samarbeid med personalet elles kan gi eit løft på dette viktige området.

Verksemda og resultatata til NOKUT i 2006 er i samsvar med strategiplanen og måla som var sette. Verksemda er i gang på alle oppgåveområda, og auka budsjetttramme i 2005 og 2006 har gitt auka kapasitet og gode resultat på nokre område. Men behovet for ressurskrevjande revideringar av akkrediterte studium, påtrengjande behov for auka kapasitet innanfor godkjenning av fagskoleutdanning, nødvendig utviding av leigearaet i tråd med auken i talet på tilsette har gjort noverande budsjetttramme til ei stor utfordring. I tillegg skal utgiftene til evaluering av allmennlærerutdanning og ingeniørutdanning bli dekte innanfor NOKUTs budsjetttramme. Sjølv om NOKUT fekk styrka budsjettamma for 2006 med vel fire mill kr, har det vore nødvendig med reduksjon i det interne budsjettet for 2007. Det var ikkje mogleg å få balanse i budsjettet utan ein reduksjon også i primærverksemda i tillegg til reduserte utgifter til administrasjon og fellesoppgåver.

NOKUT ønskjer god dialog med institusjonane og institusjonasorgana. Styreleiar og direktør har vore observatørar på dei årlege møta i organa. Vidare har også styret vitja nokre institusjonar med utveksling av synspunkt om kvalitet og kvalitetsutvikling. NOKUT har også hatt ein ryddig kontakt med Kunnskapsdepartementet innanfor dei rammene som er gitt for NOKUTs sjølvstende.

Sist, men ikkje minst vil eg peike på den store innsatsen dei tilsette i NOKUT gjer. Dei har god kompetanse og utfører eit imponerende arbeid med høg kvalitet og effektivitet. Det er eit privilegium å få vere leiar med slike medarbeidarar. Takk.



Oddvar Haugland
direktør



Styret

Styret

- ◆ Informasjon
- ◆ Administrasjon
- ◆ Data/statistikk
- ◆ Juridiske tenester

- ◆ Direktør
- ◆ Sekretær

Leiargruppe:

- ◆ Direktør
- ◆ Seksjonsleiarar
- ◆ Informasjonssjef
- ◆ Administrasjonssjef

Seksjon for kvalitets-system

Seksjon for utanlandsk utdanning

Seksjon for akkreditering

Medlem:

Professor Roger Abrahamsen, leiar (til 31.12.2006)
Seniorforskar Ragnhild Kvålshaugen, nestleiar (til 31.12.2008)
Professor Petter Aaslestad (til 31.12.2008)
Direktør Per Arne Syrrist (til 31.12.2008)
Prorektor Bente Kristensen (til 31.12.2006)
Student Inger Marie Skinderhaug (til 31.12.2006)
Lektor Berit Tetzschner (til 31.12.2006)
Rådgjevar Astrid Børsheim (til 31.12.2008)

Varamedlem:

Professor Jan Martin Berentsen (til 31.12.2006)
Forskar Karl Erik Brofoss (til 31.12.2006)
Student Maria Serafia Fjellstad (til 31.12.2006)
(møter som fast observatør)

Organisasjonen og tilsette i NOKUT

NOKUT har organisert verksemda i tre seksjonar, med utgangspunkt i dei oppgåvene organet har:

- ◆ **Seksjon for kvalitetssystem** evaluerer kvalitetssystema på universitet og høgskolar ikkje sjeldnare enn kvart sjette år. Seksjonen deltar òg i evaluering av kvaliteten på undervisningstilbodet.
- ◆ **Seksjon for akkreditering** godkjenner og akkrediterer institusjonar og studier etter søknad. Seksjonen deltar òg i andre typar evaluering.
- ◆ **Seksjon for utanlandsk utdanning** gir generell godkjenning av utanlandsk utdanning. Seksjonen har òg informasjonsoppgåver om norsk høgre utdanning og ansvar for oppfølging av nasjonale plikter om godkjenning av utdanning.

I tillegg kjem stabsfunksjonane med administrasjon, informasjon, data-/statistikktenester og juridiske tenester.



Klagenemnd

Utdannings- og forskningsdepartementet har utnemnt ei klagenemnd for perioden 2003–2006. Klagenemnda avgjer klager på vedtak som er fatta av NOKUT, men behandlar ikkje klager på vurderinga til dei sakkunnige. Klagenemnda har fem medlemmer med personlege varamedlemmer:

- ◆ Kjell Frønsdal, Gulating lagmannsrett (leiar)
- ◆ Helle Rolstad, Namdal tingrett (vara for leiar)
- ◆ Knut Ingar Westeren, Høgskolen i Nord-Trøndelag (medlem)
- ◆ Ingrid Bergslid Salvesen, Universitetet i Tromsø (varamedlem)
- ◆ Guri Bakken, Universitets- og høgskolerådet (medlem)
- ◆ Siri Margrethe Løksa, Norges landbrukshøgskole (varamedlem)
- ◆ Gunhild Hagesæther, Norsk Lærarakademi (medlem)
- ◆ Kjell Eliassen, Handelshøyskolen BI (varamedlem)
- ◆ Johannes Fjose Berg, Studentenes landsforbund (studentmedlem)
- ◆ Anette Wilberg, Norsk Studentunion (varamedlem)

Juridisk rådgivar i NOKUT, Eva Liljegren, er klagenemndas sekretær.

I 2005 har nemnda hatt eitt møte og handsama 14 saker. Alle sakene var knytt til generell godkjenning av utanlandsk utdanning. Ingen av klagenemnda vart tatt til følgje.

Rekneskap

NOKUTs tildeling for 2006 var på 40.800.000 kroner.

I tillegg til dette blei det tildelt følgende:

- ◆ Overføring av ubrukt tildeling frå 2005 på 638 000 kroner.
- ◆ Lønnsrefusjonar i forbindelse med avvikling av Norgesnettrådet 153 000 kroner.
- ◆ Tildeling til utgreiingsutvalet for godkjenning og godskriving av høgre utdanning 960 000 kroner.

I 2006 hadde NOKUT ei inntektsside

på til saman 1 970 000 kroner.

Dette er ikkje ordinære inntekter, men utgiftsrefusjonar.

Driftsutgiftene for NOKUT i 2006 var 43 852 000 kroner.

Justert for refusjonar

var dei reelle utgiftene 41 882 000 kroner.

Tabellen viser utgiftene og inntektene i NOKUT:

I 2006 har den ordinære drifta over kapittel 0281 (post 01) gitt eit mindreforbruk på 669.000 kroner. Årsaka til mindreforbruket er i hovudsak at NOKUT først etter årsskiftet mottok fleire fakturaer for tenester og varer som skulle ha vore rekneskapsmessig belasta i 2006.

Rekneskap (tal i 1000 kroner)	2004	2005	2006
Lønnsutgifter	13 279	15 780	18 471
Styregodtgjering	578	478	840
Utvaldsmedlemmer og løna konsulentar	2 658	4 452	4 697
Sluttvederlag Norgesnettrådet	383	229	134
Arbeidsgjevaravgift	2 316	2 836	3 176
SUM lønnsutgifter	19 214	23 775	27 318
Teknisk utstyr, inventar m.m.	1 042	723	690
Kontortenester (it, forbruksmateriell, trykkeutgifter o.a.)	3 028	3 696	2 728
Reiser, kurs, kompetanseutvikling, representasjon	3 060	5 319	4 486
Bøker og fagtidsskrift	290	318	237
Diverse (konsulentar, seminar, kantine, bedriftshelse-teneste)	2 795	2 034	3 228
Leige og drift av lokale	4 803	4 589	5 165
SUM driftsutgifter	15 018	16 679	16 534
Motteke husleige	49	-	-
Motteke tilskot	135	189	122
Mottekne konferanseavgifter	484	602	890
Diverse lønnsrefusjonar	572	603	958
SUM tilskot, avgifter og refusjonar	1 240	1 394	1 970
Nettoutgift	32 992	39 060	41 882

Nøkkeltal

1. Evalueringar av kvalitetssikringssystem etter resultat i 2006

Godkjent	Underkjent	i alt
8	1	9

2. Akkrediteringar og godkjenningar etter akkrediteringstype og resultat i 2006

Akkrediteringstype	Godkjenning	Avslag	Administrativ vurdering*	I alt
Institusjon	1	-	-	1
Doktorgradsstudium	1	-	-	1
Mastergradsstudium	19	-	5	24
Andre studietilbud	8	1	13	22

* Administrativ vurdering omfattar både godkjenning av endringar i studium som allereie er godkjende, avvising av søknader og søknader som blir trekt tilbake.

3. Revisjon av akkreditering

Revisjon av akkreditering av master- og doktorgradsstudium i rettsvitenskap, farmasi og odontologi ved universiteta blei starta opp med prosjektplan og eigenevaluering i 2006. Det same gjaldt bachelorstudium i journalistikk ved Høgskulen i Volda og bachelorstudium ved Den norske balletthøyskole.

4. Evalueringar for å vurdere kvalitet

I oktober 2004 fekk NOKUT i oppdrag av departementet å evaluere allmennlærerutdanninga i Noreg. Dette var det første prosjektet NOKUT hadde i kategorien "evalueringar med sikte på å vurdere kvaliteten i høgre utdanning". Evalueringa blei avslutta då komiteen kunne levere rapporten i september 2006. Evalueringa gir ei generell vurdering av utdanninga, samtidig som den vurderer alle enkeltprogramma ved dei ulike institusjonane – 20 til saman.

5. Vedtak om generell godkjenning av utdanning i utlandet etter utdanningsnivå

Godkjent som jamngod med høgskolekandidatgrad	Godkjent som jamngod med bachelorgrad	Godkjent som jamngod med mastergrad	Godkjent som jamngod med PhD	Studiepoeng utan grad	Vedtak totalt*
80	1112	177	7	363	2566

*inkl. saker som er avslått, lagt bort og vidaresendt


6. Godkjenning av fagskoleutdanning

Godkjent	Avslag eller avvist pga manglende dokumentasjon	i alt
460	136	598

Tilsette


1. Antal tilsette
Fast tilsette: 46
Årsverk: 48,4
Midl.tilsette: 3
Åremål: 1

2. Utdanningsnivået til dei tilsette




■ Høgre utdanning med høgre grad
■ Høgre utdanning med lågare grad
■ Anna

3. Kjønnfordeling i NOKUT



■ Kvinner
■ Menn

4. Kjønnfordeling i leinga til NOKUT



■ Kvinner
■ Menn

5. Drifts- og lønsutgifter

Netto driftsutgifter for NOKUT i 2006 var 41 882 000 kroner.
Av dette utgjorde lønn 18 471 000 kroner (arbeidsgjevaravgift ikkje inkludert).